

## Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Ørnulf Lillestøl	FE - 512	14/758

<b>Saknr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
056/2014	Formannskapet	PS	19.06.2014

### Uravstemming tariffoppgjeret

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Masfjorden kommune stemmer ja ved uravstemming i høve tariffoppgjeret og sentrale forhandlingar. Ordførar underteikner stemmesetlar på vegne av kommunen.**

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

KS har på vegne av kommunane framforhandla ny hovedtariffavtale, ny hovudavtale og særavtale for undervisningspersonale. Meklingsmannen sitt framlegg ligg no ute til avstemming med frist 23 juni.

##### Fakta

Formannskapet er i tidlegare møte orientert om forhandlingane og dei ulike elementa i desse. Mest tid har ein nytta på SFS 2213 og dei «store» spørsmåla der er knytta til arbeidsgjevar sin styringsrett over arbeidstid, kor mykje tid lærarane skal knytast til skulen samt lengd på ferie/avspassing om sommaren. Tema for diskusjon no er mest knytta til det framforhandla utkastet om at lærarane skal ha arbeidstid på 7,5 timar knytt til arbeidsplassen og korleis dette skal organiserast.

I forhandlingane har KS ikkje gått så langt som tilrådingane frå arbeidsgjevarane i Strategikonferansane dei seinare åra. Det har her vore krav om kortare periode fråvær om sommaren og større del bunden tid som er styrt av arbeidsgjevar. Det er no stort engasjement frå arbeidstakargrupper på desse spørsmåla og framleis er det usikkert om det kan verte konflikt til hausten.

Når det gjeld HTA er det lagt opp til ein generell vekst på 2,15 % for alle. I tillegg er det plassert kronetillegg for ein del yrkes og stillingsgrupper. Det er sikra ein sosial profil samstundes som 4c har fått noko høgare vekst totalt for å kompensere for tidlegare oppgjer. Berekninga av årslønsvekst totalt ser slik ut;

## Årslønnsvekstramme 2013-2014, HTA kap. 4

Virkningstidspunkt	Årslønnsvekst
Overheng til 2014	0,4 %
Anslag lønnsglidning	0,2 %
Generelt tillegg 2,15 %/min. 8 500 kr 1.5.2014	1,48 %
Garantilønn 20 års ansiennitet 1.5.2014	0,06 %
Andre sentrale lønnstillegg 1.5.2014	0,70 %
Midler til lokale forhandlinger 1,0 % pr. dato 1.7.2014	0,5 %
<b>Beregnet årslønnsvekst 2013-2014</b>	<b>3,34%</b>
<b>Anslag overheng til 2015</b>	<b>1,7 %</b>

Tillegg til grupper utover generell lønnsvekst på 2,15 %

	0 år	4 år	8 år	10 år	16 år
Kap 4B2 Stillinger uten særskilt krav til utdanning					
Kap 4B3 Fagarbeiderstillinger/tilsv. fagarb.stillinger	2 000		5 700	4 700	
Kap 4B4 Stillinger med krav om høgskoleutdanning	2 000		4 500	5 600	
Kap 4B5 Stillinger med krav om høgsk. utd. og ytter. spesialutd.	2 000		4 900	4 900	
Kap 4B6 Stillinger med krav om mastergrad			2 000	4 900	
Kap 4C3 Lærer	3 000	6 600	6 500	6 000	3 200
Kap 4C4 Adjunkt	3 200	7 300	7 000	6 400	3 500
Kap 4C5 Adjunkt m/tilleggsutdanning	14 400	14 200	14 600	13 800	9 500
Kap 4C6 Lektor	16 400	16 900	16 700	15 500	11 700
Kap 4C7 Lektor m/tilleggsutdanning	16 100	16 500	16 000	15 300	11 700

For innhald i HTA er det foretatt mindre endringar i høve den foregåande.

Det er fastsett 1 % av ramma til lokale forhandlinger. Dette utgjer om lag 800.000,- som vil vere «pott» til lokale forhandlinger til hausten. På Strategikonferansane har dette blitt omtalt som eit minimum frå arbeidsgjevar si side.

Hovudavtalen (HA) ligg også til avstemming. Det er her foretatt små endringar i høve den føregåande.

### Vurdering

Rådmannen vurderer framforhandla utkast som innanfor det som er forventa og kan akseptertast frå Masfjorden kommunen si side.

### Konklusjon

Rådmannen tilrår at det vert stemt ja på uravstemming i høve sentrale forhandlinger og meklingsmannen sine framlegg.

## **Formannskapet - 056/2014**

### **FS - behandling:**

Personalsjef Ørnulf Lillestøl orienterte om saka.

### **Røysting:**

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg.

### **FS - vedtak:**

**Masfjorden kommune stemmer ja ved uravstemming i høve tariffoppgjeret og sentrale forhandlingar. Ordførar underteikner stemmesetlar på vegne av kommunen.**